

Bruheim med mykje open handling



MAGNHILD
BRUHEIM
Blod på hendene
Samlaget. Nynorsk
2011. Ungdom

DEFINERT SOM KRIMBOK kunne Blod på hendene vore meint bokstaveleg. Men orda er brukt metaforisk, og dei viser seg å få katastrofal verknad. "Du har også blod på hendene" kjem som SMS til ei skuldraus, ung jente, og den meldinga får ein verknad som grip lesaren sterke enn det aksjonane mot pelsdyrfarmane gjer. Men det er dette siste som er meint som hovudtema.

Boka har endå fleire spor. Eitt er to vaksne, vel etablerte menn med auge for unge, helst nakne jenter. Og vidare, med ungdommar i hovudrolla, ligg det heile tida under ein dår av elskhug og konkurranse om partnarar, men i denne boka av det milde og snille slaget. Boka streifar også mistanke om narkotika i ungdomsmiljøet.



HARALD NILSEN
Professor og
litteraturviter
hn@hinesna.no

BOKANMELDELSE

MEN KAN DETTE bli for mange konkurrerande trådar å halde orden på? Kan noko gleppe, og kan merksemda mot eit mogleg hovudtema gleppe? Ein skal vite at unge i dag vil ha kraft og energi, og da spør det når energien vert spreidd på fleire trådar. Dessutan – ei vanleg bok har i dag stor konkurranse med anna tidtrøyte, til dømes elektroniske medier. Med ei slags samanlikning for auge trør eg meir enn 50 år tilbake då eg las meg gjennom 40-50 Hardy-bøker, nilas og slukte dei, og det er ikkje langt frå at Bruheims siste bok minner meg om Hardy-gutane, men no er det jenter i hovudrolla. Med denne likskapen som bakteppe vil eg faktisk tru – men er ikkje overtydd – at unge som får Blod på hendene i hendene og les, vil like det dei les.

HENDINGANE er følgjande. Ei ungdommeleg aktivistgruppe går på ulike måtar til aksjon mot pelsdyrfarmar i bygda. Temaet er tidsaktuelt, og skildringane er ikkje utan nerve og spenning. Men så alt for sterkt grip det ikkje. Sterkare kjensler vekker derimot den utilsikta verknaden pelsdyraksjonane får for ei ung jente. Ho vert utsett for mobbing så ho til sist ser bare ein utveg, men det endar likevel ikkje som verst.

MED DÅRLEG SKJULT vikarie-rande motiv blandar ein advokat seg inn i aktivistgruppa. Medan han gir inntrykk av å forsvare pelsdyrnæringa og åtvare aksjonistane, bruker han sin posisjon for andre interesser i høve til jenteaksjonistane. Ein legeven er i same spenn. Det spør om det er



spaninga på desse to som er tydeligast krimprega og dermed legittimerer boka sin baksidetekst "krimbok for ungdom".? Det er eit stort pluss at jentene her ikkje er lettkjøpte objekt, men snur spellet og vert vinnarar. Men dei antar nok ikkje kva slags jenter dei prøvde seg på. Johan ser ertande på henne (s. 169). Spaninga på Johan – medlem i aktivistgruppa – er også eit tema, men utan å få mykje merksem.

SPRÅKET er personleg og muntleg, mest som indre monolog og (ytre) dialog, anten andlet til andlet eller som kjappe telefonsamtaler og mobilmeldingar ungdomane i mellom; i hovudrollene Kami og bestevenninna Bente, som sterkt involverte Silje og Jo-

han samt nokre mindre sentrale namn. Men – den ungdommelege, muntlege tonen er ikkje 100% overtydande. Mange ytringar verkar alt for omstendelige, næraast som formelt skriftspråk. Og nynorsk målføre er vel ikkje mindre muntleg og sjargongprega enn bokmål? Tydeleg på pluss-sida er det at boka fleire stader legg ut frampeik, det skjerpar lesaren si merksem.

Komposisjonen er ikkje beint fram kronologisk heile vegen. Der spenning strammar seg til på dei siste 50 sidene, vert handlinga broten i eitt kapittel medan vi i påfølgjande kapittel får kva som hender samstundes ein annan stad. Liknande teknikk vert brukt også innan eitt og same kapittel. Dette fungerer godt etter som det utfør-

drar merksemda hos lesaren, og stundom høyrer med til krimsjangeren at lesaren kjänner hendingar før personen/-ane i fiksjoen.

SJANGER. Bokmeldaren her er ikkje overtydd om at boka fortegne stempelet god krimbok. Til det er det alt for mykje open handling. Det er til dømes ikkje mest spørsmål om pelsdyrnæringa har skuld, men at ho har, og difor må dei impliserte (les: skurkane) få som dei fortener. Narkotikamistanken mot Johan blir for spinkel, og får ikkje alvor av kriminalitet. Hendinga med og leitinga etter den bortkomne, unge jenta har liksom heller ikkje nok krimsubstans. Sterkast krimretta er, som nemnt over, mistanken og harmen

mot besteborgarane advokaten og legen, og denne parten kan engasjere unge.

BEST NÅR BOKA i tilhøve mellom dei unge aktørane. Her er samhald, offervilje, openheit og ærlegheit. "Godt å vita at eg kan stole på deg. [...]" (seier Johan til Kami). "Kan stole på deg. Ja, Johan kan stole på henne (...)." "Eg forstår meg eigentleg ikkje på deg." Ho seier nøyaktig det ho tenkjer. Slik open, ærleg vedgåing og erkjenning er fleire eksempel på.

Apropos sjanger – ser vi i denne boka innmelding til jente-krim?